

ÅRSMELDING FOR GISKE SOKN 2017

Samansetjing av soknerådet, kyrkjeleg tilsette og tillitsvalde.

Soknerådet si samansetjing:

Leiar: Arnfinn Rune Giske
Nestleiar: Rolf Kjell Giske
Sekretær: Ellen Arnseth Strand
Kasserar: Olav Godø
Eldar Røsvik
Ståle Godø
Sokneprest Geir Sakseid

Varamedlemar:

Britt Flaaen
Jostein Alnes

Kyrkjeleg tilsette:

Sokneprest: Geir Sakseid og Andre Sjøvåg
Organistar: Margareth Haugland og Dag Filip Roaldsnes
Kyrkjetenar/klokkar i Giske kyrkje: Inger Magelssen Godø
Sekretær - kyrjekontoret i Giske: Vigdis Lyngstad Paulsen
Kyrkjeverje i Giske: Turid Urkedal Valderhaug
Kyrkjelydspedagog i Giske: Anne-Helen Roaldsnes
Diakon i Giske – Berit Johansen

NEMNDER OG UTVAL

Repr. til Giske kyrkjelege fellesråd:

Arnfinn Rune Giske og Rolf Kjell Giske

Varamedlemmar: Eldar Røsvik og Ståle Godø

Arbeidsutval i Giske sokneråd :

Leiar og sokneprest

Kontaktperson for Kirkens Nødhjelp

Giske: Rolf Kjell Giske

Godøya: Jostein Alnes

Misjonskontakter

Godøya: Kirsten Dyb

Giske: Britt Flaaen

Ansvar for konfirmantkapper

Kyrkjetenar / klokkar

Ansvar for å skaffe konfirmantgruppeteiarar i heimane

Giske: Britt Flaaen

Godøya: Ståle Godø

Nemd for kyrkjetekstilar til Godøy bedehuskapell

Tekstil: Valborg Remmen, Malfrid Remmen, Leif Sæther og sokneprest

Økonomi: Elise Holmen, Olav Støbakk, Ann-Elisabeth Støhle og Olav Godø

Nemnd for Kyrkjestove på Giske

Renate Giske Holvik, Margrethe Høybakk, Arnfinn Helge Giske, Otto Stornes, Andre Sjøvåg, Turid Urkedal Valderhaug og Arnfinn Rune Giske.

Kontaktperson for bruk av Godøy Bedehuskapell

Sokneprest

Ansvar for kyrkjekaffeordning på Godøya

Kirsten Dyb

Kontaktperson for Kirkens SOS

Olav Godø

Diakoniutval

Diakon Berit Johansen, Ellen Strand og Britt Flaaen

Kontaktperson for Det norske Bibelselskap

Bjørn Mannsverk

GUDSTENESTER

	År 2017	År 2016	År 2015
Gudstenester i kyrkjene	41	48	43
Institusjonsgudstenester	5	6	5
Gudsteneste anna stad	2	2	2
Deltakarar på gudstenestene	3933	4575	4358
Kyrkjeoffer	kr 130 327	kr 145 184	kr 149 377

REFORMASJONSJUBILEET

I samband med reformasjonssjubileet, var det fellesgudsteneste i Ålesund kirke, 17. sept. Vi markerte elles reformasjonssjubileet ved fleire av gudstenestene i vårt sokn.

MISJONSPROSJEKT

Kyrkjelydane i Giske sokn har 2 misjonsprosjekt i samarbeid med - Det Norske Misjonsselskap.

Giske kyrkjelyd: Misjonsprosjekt « Kirkelig undervisning i Kina «.

Mål for innsamla midler pr. år er kr 12000. Innsamla midler i 2017 var kr 4453.

Godøy kyrkjelyd: Misjonsprosjekt «SAT-7» Formidling av kristne TV-program i midtausten

Mål for innsamla midler pr. år er kr 12000. Innsamla midler i 2017 var kr 14424.

KONFIRMANTARBEIDET

Dette året var det 25 konfirmantar i Giske sokn. Det vart halde 3 konfirmasjonsgudstenester, 2 på Giske og 1 på Godøya. I år fekk vi og ta i bruk nye konfirmantkapper.

Soknerådet gav konfirmantane ei gåvehelsing på konfirmasjonsdagen.

Soknepresten har den obligatoriske undervisninga med konfirmantane, og dei har vore med i heimegrupper over 4 samlingar. Dei tek elles del med faste oppgåver i gudstenestene gjennom året, og er aktivt involvert under den årlege Fasteaksjonen for Kirkens Nødhjelp.

Konfirmantane frå Giske, Godøya og Vigra var ilag på leir på Kjeldsund.

TRUSOPPLÆRINGSTILBUD I KYRKJA

Nedanfor er nemnt dei trusopplæringstilbuda i kyrkja, som born og unge frå Giske sokn har teke del i gjennom året.

- Babysong – kvar tysdag i Valderøy kyrkjekjellar.
- Småbarnssong – 1 tysdag i månaden i Valderøy kyrkjekjellar.
- 2 årstreff – saman med Vigra sokn i Valderøy kyrkjekjellar.
- 4 årstreff og Sprell levande Gudsteneste med 4 årsbok.
- 6 årstreff.
- Lys Våken – overnatting i kyrkja for 5. og 6. klassingar, med Bibelutdeling til 5. klassingar.
- Konfirmantundervisning.

DIAKONI

Viser til eigen Årsrapport frå Diakonen i Giske 2017.

NYE KYRKJETEKSTILAR TIL GODØY BEDEHUSKAPELL

Dette året vart arbeidet fullført med «Nye kyrkjetekstilar» til Godøy bedehuskapell. På gudstenesta i GBK 16. april vart den kvite messehakelen og stolaen innvigd. Giske sokneråd vil rette ei stor takk til alle som har vore involvert i arbeidet for «Nye kyrkjetekstilar» til Godøy bedehuskapell.

KYRKJESTOVE PÅ GISKE

Kyrkjestovenemnda har hatt eitt møte dette året. Arbeidet og kontakta med Riksantikvaren og Kulturavdelinga i Fylkeskommunen med å få godkjent framlegg til byggjeform og plassering av kyrkjestova har fortsatt, men dette er ein prosess som tek tid.

OMVISARTENESTA I GISKE KYRKJE

I 2017 var der omlag 10800 besøkjande som vil sjå og høyre historia om Giske kyrkje. Inntekter og utgifter for omvisartenesta i Giske kyrkje, vert ført under Giske kyrkjelege fellelråd sitt rekneskap.

Inntekter for året 2017 var på kr 328 097. Utgifter var på kr 211 879.

Kyrkjetenar/klokkar Inger Magelssen Godø organiserar og tek hand om omvisartenesta i kyrkja. I sommarsesongen var kyrkja open kvar dag for omvisning frå 1. juli til 11. august. I denne perioden var det tilsett 2 omvisarar på skift, Fredrik Valderhaug og Solveig Rønning.

INTERNETTSIDE FOR KYRKJA I GISKE – kyrkja.no/giske

Margareth Haugland har ansvar for den nettbaserte heimesida til kyrkja i Giske.

SOKNERÅDET

Soknerådet har dette året hatt 6 møter og handsama 31 saker.

Møta vert haldne på Giske skule.

Kyrkjelydens årsmøte vart halde etter gudstenesta i Giske kyrkje, 5 mars. 16 personer tok del.

Ei stor takk til alle tilsette for det viktige arbeidet dei utfører i kyrkja vår.

Stor takk rettar vi og til alle frivillige medarbeidarar som har teke del i ulike oppgåver, og til dei som har teke del med song og musikk i kyrkjelydane våre dette året.

Lat oss oppmuntre kvarandre til eit nytt arbeidsår i kyrkjelydane våre !

Giske sokneråd

4. mars 2018



Arnfinn Rune Giske
soknerådsleiar